



Knarvik Mila
Aktiv > Glad > Spring

Lindås kommune
v/ Hogne Haugsdal

Førespurnad om å få dekkja utgifter til ferdiggjering av område v/Knarvik Stadion

Førespurnaden gjeld:

- Utbetring av veg til oppsida av tribunen og oppstillingsplass for «TV-bil» på Knarvik Stadion - kr. 100.142 (eks. MVA). Sjå vedlegg 1.
- Ferdiggjering veg på sørsida av hovudanlegget (frå Nordhordlandshallen og til tribunen) – 135.920 (eks. MVA). Sjå vedlegg 2.

Arbeidet vart utført av Alversund Maskinstasjon.

Bakgrunn for utbetringa/ferdiggjeringa.

Alle idrettsanlegg som blir brukt til større arrangement må ha ein oppstillingsplass for «TV-bilar» med utstyr for:

- produksjon av TV-sendingar
- overføring til storskjerm på sjølve stadion
- live- overføring til internett
- opptak for promotering/reklame-filmar

Ein slik oppstillingsplass krev god oversikt over stadion. Knarvik Stadion har ikkje hatt ein slik oppstillingsstad. Den beste plassen for Knarvik Stadion er på oppsida av tribunen Det var heilt naudsynt for Knarvikmila å få opparbeida ein slik «TV-plass». Opprinneleg plan var berre å rydda og planera området over tribunen , slik at ein kunne få plassert «TV-bil» med utstyr der.

Då ein starta arbeidet, viste det seg at vegen på austsida av stadion(bak NBK-bygget) berre var bygd av jord. Høgre hjula på bilen som prøvde å kjøyre opp vegen for å frakta utstyr til opparbeiding av oppstillingsstad, sakk ned i mold og heldt på å kvelve ned bakken mot NBK-bygget. Entreprenøren såg det som heilt uansvarleg å køyre opp vegen. Konklusjonen var at vegen måtte steinsetjast. For å få ein forsvarleg veg, måtte det lagast ein steinsåle på ca. 2m høgde for å få ein forsvarleg og køyrbar veg.

På plassen over tribuna måtte det og gjerast meir grunnarbeid, enn det ein i utgangspunktet hadde sett for seg.

Vegen på sørsida av Knarvik Stadion vart bygd som ei provisorisk løysing på 80-talet for å få oppvarmingsarena til bruk på friidrettsstevne.

Slik vegen var før oppjusteringa/ferdiggjeringa, var den så og sei ubrukeleg. No er vegen steinsett, drenert og utvida slik at ein bl.a. kan komme rundt med rullestol.

Ein tilet seg også å minne om at Knarvikmila på og rundt Knarvik Stadion har bygd og betalt for bl.a.:

- tribune
- ballplass/kastarena
- lyset rundt hovudanlegget
- Aktivitetsløypa med lys , benkar og treningsapparat.

Totalt har Knarvikmila brukt over 4.000.000 kroner på anlegget. I tillegg har ulike firma til saman gått inn med ca. kr. 500.000.

Konklusjon:

Arbeidet som no er utført er ei investering som var heilt naudsyn for å gjennomføringa arrangement etter nasjonal og internasjonal standar på eit stadion.

Spesifikasjon av arbeidet kan ettersendast.

Vonar at Lindås kommune kan ta kostnaden på utbetringa av Knarvik Stadion.

Knarvik 27. oktober 2014

Helge Brekke

-styreleiar-

Eddie Ebbesvik

- dagleg leiar-